

Tøffe Tau!



Vel møtt til medlemstreff og årsmøte i Ryfylkealliansen



Onsdag 11. april

kl. 09.30-15.00
inkl lunsj



**Matproduksjon, high-tech, overnatting,
fiskerifagleg senter, bokslepp, lokal kultur,
regionale fyrtårn og internasjonal klasse.
Du finn alt på Tau.**

Comrod, Lilland Hotell, Tau Mølle, Mølleparken, Strand vgs

Onsdag 11. april blir me kjent med fleire av medlemene i Ryfylkealliansen, som alle held til innanfor ein radius på eit par hundre meter. Lær, lytt, bli kjent og bli inspirert. Tau er verkeleg eit knutepunkt i og for Ryfylke.

Bli med Ryfylkealliansen desse timane! Oppmøte er på Strand vidaregåande skule, som er vår base for dagen.

PROGRAM FOR DAGEN



Frå kl 09.00 Drøs og kaffi i kantineområdet på Strand vgs.

Kl. 09.30 i auditoriet: Årsmøte med årsmelding, rekneskap, innspel, val og viktig info:

- Lansering av boka "Ryfylke - 50 år med samarbeid" v/ Arne Kleppa
- Digital strategi og kampanjar
- Nye medlemmer sidan sist!
- Snart er det ny Ryfylkequizfinale.

Kl. 11.00 i auditoriet

- *Me har vore her lengst og satsar for fullt!*
Tau Mølle er ei tradisjonsrik bedrift som produserer i det mest markante bygget på Tau. Puffa havre og puffa ris går ut til heile Norge, med Ryfylkelogo på! Og det er ikkje småtteri dei potlar og puffar med i møllå!

Kl. 11.15 – ut på tur!

Topp moderne akvasenter for heile Rogaland!

Me får ei omvising i den heilt nye fiskerifaglege opplæringsavdelinga på Strand vgs. Knappt eit halvt år gammalt, stor søknad og ein boltreplass for elevar og lærarar!

Kl. 12.00 Lunsj i kantina på Strand vgs

Kl. 12.45 Tau: Midtpunkt i Ryfylke og heile verda ...

- Me går tur langs Krossvatnet.
- *Mølleparken: Herskapleg og folkeleg.*
Mølleparkens Venner har gjort og gjer ein formidabel dugnadsinnsats i området rett overfor Tau Mølle. Populært turområde, aktivitetsplass for heile familien, selskapslokale og marknadsplass.
Me går via Tau Mølle og kjem til:
- *Lilland Hotell – vesentleg meir enn rom og frukost.*
Lokalmat, bryggeri, utvida kapasitet både her og der, kantine og brakkar ... og snart eit hamnehotell på Jørpeland ... Ein liten spesialsmak ventar også!

Kl. 14.00 kjem me til Comrod:

- *Til lands, til vanns og i verdsrommet med!*
Frå fiskestenger til strategiske forsvarsantenner. Eit møte med ei av dei største bedriftene i Strand når det gjeld tal tilsette. Og her snakkar me om internasjonal satsing på fleire plan!

Kl. 15.00 Avrunding

Gå ikkje glipp av denne samlinga. Her er det storsatsing på Tau innan ulike område, som kjem heile Ryfylke til nytte! Dessutan er det viktig å få med seg kva som skjer i Ryfylkealliansen framover.

Vel møtt!

PÅMELDING

Samlinga er gratis for alle medlemene. Me bed likevel om påmelding, ettersom Strand vgs skal laga lunsj til oss.

Meld deg på via e-post til Svanhild Eggebø Spanne – svanhild@ryfylkelivsgnist.no.

Har du matallergiar – gje beskjed ved påmelding.

TRANSPORT

Programmet er tilpassa båtar både over Jøsenfjorden, frå Stavanger og Finnøy. Ta kontakt om du har spørsmål kring transport. Tor Øyvind: 982 06 333 eller Svanhild 907 73 796

NB: Og hugs å setja av torsdag 15. november. Då er det Arena Ryfylke i Sauda.